

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Dato: onsdag 4. desember 2019

Stad: seminarrom 301, HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Lene M. Johannessen (engelsk), Marco Gargiulo (italiensk), Benedikte Mosby Irgens (japansk), Anders Johannessen Fikke (Nasjonale prøvar), Shouhui Zhao (kinesisk), Ingunn Lunde (russisk), Birger Solheim (tysk) og Åse Johnsen (instituttleiar)

Frå gruppe B: Craig Grocott

Frå gruppe C: Ingvild Nilssen

Frå gruppe D: Mareike Mannigel, Oda Lødemel og Andreas Fosso Dale

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 23. oktober 2019

Det godkjente referatet ligg på <https://www.uib.no/fremmedsprak/22347/referat-frå-instituttrådet>.

Sak 3 – orienteringssaker

- a) Instituttleiar orienterte om saker frå fakultetsstyret 3. desember: Mikuri Seki og Yuko Ringdal har fått faste stillingar, ti prosent kvar, på japanskfaget. Det blir lyst ut ei ny stilling som førsteamanuensis i kinesisk kulturkunnskap (China studies), slik at faget dermed får tre faste stillingar. Fakultetsstyret har godkjent innstillinga frå instituttet slik at Jakopo Romoli, Carolina Amador-Moreno får tilbod om dei utlyste stillingane som førsteamanuensar i engelsk språk.
- b) Tilsetjing i utlyste stillingar ved instituttet (sjå saka over).
- c) Instituttleiar orienterte om dei nye språkpolitiske retningslinjer ved UiB, som m.a. slår fast at universitetet forventar at nye medarbeidarar skal meistra norsk på B2-nivå etter tre år (sjå http://ekstern.filer.uib.no/ledelse/universitetsstyret/2019/2019-10-31/S_99-19Spr%C3%A5kpolitiske_retningslinjervedUiB.pdf)
- d) Instituttleiar orienterte om Arqus, som er eit samarbeid mellom sju europeiske universitet. Frå IF er Torgeir Skorgen og Åse Johnsen involverte i utviklinga av dette samarbeidet.
- e) Uthaug gav ein kort, oppdatert status for instituttøkonomien desember 2019. Sjå vedlegget *Status økonomi og årsverk (november 2019)*, som er vedlagt referatet. Lunde peikte på at det er viktig at BOA-søklarane får gode og realistiske råd under arbeidet med søknader om støtte frå NFR sidan NFR har varsla innstramming av høve til å overføre midlar frå eitt år til neste.

Sak 4 – Strategi- og tiltaksplan for Institutt for framandspråk

Utkast til strategi- og tiltaksplan for 2020-2022 har vore drøfta i ulike organ ved instituttet – ope temamøte, utdanningsutvalet (UUI), forskingsutvalet (FFU), administrasjonsmøte – og har i tillegg vore sendt ut til alle tilsette.

Under rådsmøtet vart det, i tillegg til mindre språklege korrigeringar, gjort følgjande justeringar i planen:

Strategiplanen

Innleiingsdelen: Endringar frå fagdidaktikarane vart innarbeidde i planen. Formuleringa «der disse språkene er utbredt» vart bytta ut med «der disse språkene snakkes». Dessutan vart «pensumtekster» bytta ut med «faglitteratur».

Utdanningsdelen: Formuleringa «definere fem hovedområde» blir endra til «fremheve fem hovedområder».

Tiltaksplanen

Forskningsdelen, Aktivt forskningsmiljø: Her blir rekkjefølgja av dei ulike punkta endra slik at punktet om eksternfinansierte prosjekt kjem først, så punktet om forskargrupper, så punktet om institutt/masterkonferanse, deretter punktet om temamøte og til slutt punktet om bokdagen.

Forskningsdelen, Aktivt forskningsmiljø: Det vart uttrykt at instituttet bør ha årlege masterkonferansar, og formuleringa vert slik «Institutt- og/eller masterkonferanse hvert år».

Forskningsdelen, kompetanseutvikling: Instituttleiari formulerer eit punkt om systematisk kollegarettleiing, særleg med tanke på stipendiatane.

Forskningsdelen, Internasjonal deltaking: Planen får inn ei setning om at «instituttet har økt fokus på klimanøytral internasjonalisering».

Vedtak (samrøystes): Rådet vedtek framlegget til strategi- og tiltaksplan for instituttet 2020-2022 med justeringane som kom fram i rådsmøtet.

Den vedtekne planen ligg på instituttet sine heimesider:

<https://www.uib.no/fremmedsprak/23302/strategiplan-institutt-ramandspr%C3%A5k-2016-2019>

Sak 5 - Ymse

Ingen saker.

Åse Johnsen,
instituttleiari

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef